

KVISS FRÅ ALLKUNNE

Noreg etter 1814

25 spørsmål om Noreg etter 1814.

1 Kva blei den fredsavtalen kalla som gjorde at Danmark måtte avstå Noreg til Sverige?

- a Nordensfreden
- b Kielfreden
- c Versaillesfreden

2 Når fekk Noreg eiga grunnlov?

- a 1811
- b 1814
- c 1905

3 I kva tiår såg ein dei første teikna på at den industrielle revolusjonen var komen til Noreg (etableringa av dei aller første industribedriftene)?

- a 1840-åra
- b 1850-åra
- c 1860-åra

4 Når fekk jødar tilgang til Noreg (opphevinga av «jødeparagrafen»)?

- a 1851
- b 1861
- c 1871

5 Kva viser omgrepet «det store hamskiftet» til?

- a Dei politiske og samfunnsmessige endringane som følgde då Noreg fekk eiga grunnlov
- b Den industrielle revolusjonen i Noreg
- c Dei store endringane i det norske landbruket, tvinga fram av den industrielle revolusjonen

6 Når fekk norske kvinner lov til å ta høgare utdanning i Noreg?

- a 1884
- b 1894
- c 1904

7 Når blei Noregs Mållag skipa?

- a 1906
- b 1922
- c 1938

8 Kven laga melodien til «Ja, vi elsker»?

- a Rikard Nordraak
- b Edvard Grieg
- c Bjørnstjerne Bjørnson

9 Kven var statsminister i 1905, då Noreg blei eit sjølvstendig land?

- a Johan Sverdrup
- b Christian Michelsen
- c Fredrik Stang

10 Når opna Bergensbana?

- a 1909
- b 1915
- c 1925

11 Kva år opna det første Sametinget?

- a 1978
- b 1989
- c 1991

12 Kva var det første politiske partiet som blei skipa i Noreg?

- a Venstre
- b Høgre
- c Arbeidarpartiet

13 Når fekk norske kvinner allmenn stemmerett?

- a 1901
- b 1907
- c 1913

14 Om lag kor mange nordmenn utvandra til Amerika i perioden 1825–1920?

- a 300 000
- b 500 000
- c 800 000

15 Kva heitte den første store leiaren i den norske arbeidarrørsla?

- a Martin Tranmæl
- b Marcus Thrane
- c Cristian Holtermann Knudsen

16 Kva landområde fekk Noreg tildelt under fredskonferansen i Paris i 1920, som del av oppgjeret etter første verdskrigen?

- a Grønland
- b Svalbard
- c Færøyane

17 Noregs viktigaste bidrag til den allierte krigsinnsatsen skjedde på havet. Kva var namnet på det statlege reiarlaget som blei oppretta for å organisere den norske handelsflåten utanfor tysk kontroll?

- a Norship
- b Nortraship
- c Nortrade

18 Kva for eit omgrep blei nytta om nordmenn som melde seg til tysk krigsinnsats, og som i all hovudsak kjempa mot russarane på austfronten?

- a Quislingar
- b Frontkjemparar
- c Tysklandssoldatar

19 Kven var statsminister i Noreg då andre verdskrigen var over, og kva politisk parti høyrde han til?

- a John Lyng, Høgre
- b Johan Nygaardsvold, Arbeiderpartiet
- c Einar Gerhardsen, Arbeidarpartiet

20 Kva blei inkludert i Grunnlova i 1964?

- a Aldersgrensa for allmenn stemmerett blei sett til 18 år
- b Religionsfridom
- c Dei universelle menneskerettane

21 I kva tiår prøvebora ein for første gong etter olje på norsk sokkel?

- a 1950-åra
- b 1960-åra
- c 1970-åra

22 Kva for eit vassdrag vedtok Stortinget å byggje ut i 1979, etter å ha blitt møtt med sterk motstand frå forkjemparar for samiske interesser og miljøvernsinteresser?

- a Alta–Kautokeino-vassdraget
- b Pasvikelva
- c Øvstedalsvassdraget

23 Når blei lovforbodet mot homofili avskaffa i Noreg?

- a 1952
- b 1972
- c 1992

24 Kva politisk parti blei etablert i 1973 under namnet Anders Langes parti?

- a Framstegspartiet
- b Sosialistisk Venstreparti
- c Det Liberale Folkepartiet

25 Noreg har hatt to folkerøystingar om medlemsskap i EU, når var det?

- a 1972 og 1994
- b 1968 og 1994
- c 1972 og 1996

**Faasit på
eige ark på
neste side.**

Fasit til kvissen Noreg etter 1814

Namn/lag:

Spørsmål nr.:	Riktig svar:	Poengverdi riktig svar:	Dine poeng:
1	B Kielfreden	1	
2	B 1814	1	
3	A 1840-åra	1	
4	A 1851	1	
5	C Dei store endringane i det norske landbruket, tvinga fram av den industrielle revolusjonen	1	
6	A 1884	1	
7	A 1906	1	
8	A Rikard Nordraak	1	
9	B Christian Michelsen	1	
10	A 1909	1	
11	B 1989	1	
12	A Venstre	1	
13	C 1913	1	
14	C 800 000	1	
15	B Marcus Thrane	1	
16	B Svalbard	1	
17	B Nortraship	1	
18	B Frontkjemparar	1	
19	B Johan Nygaardsvold, Arbeiderpartiet	1	
20	B Religionsfridom	1	
21	B 1960-åra	1	
22	A Alta–Kautokeino-vassdraget	1	
23	B 1972	1	
24	A Framstegspartiet	1	
25	A 1972 og 1994	1	
		Sum poeng:	